



ÅRSMØTE I SYVDE IDRETTSLAG

Torsdag 26. januar 2017 kl 19.00

Sakliste

- 1: Godkjenne dei som har stemmerett
- 2: Godkjenne innkalling og sakliste
- 3: Velje sekretær, møteiar og to til å skrive under møteboka
- 4: Årsmeldingar
- 5: Rekneskap
- 6: Medlemskontingent
- 7: Organisasjonsplan
- 8: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2016

Styret har vore samensett slik:

- leiar Atle Midtbø
- styremedlem Aud Oddveig Nygård
- kasserar Kristian Bentsen
- sekretær Per Magne Sørdal
- styremedlem Torfinn Arnesen

Varamedlemar:

- Tor Martin Hansen
- Terje Eikrem

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Magne Vik ilag med Øyvind Eikrem og Kurt Torvanger.

Styret har hatt 7 styremøte, og 3 møter i samband med Blåfelden rett opp.

Idrettslaget har hatt 175 medlemar.

Styret har bl.a. jobba med det lovpålagde elektroniske medlemsregister, der vi valde NIF sitt opplegg. Torfinn Arnesen vart vald som medlemsansvarleg.

I samband med havari av trakkemaskina vart det vedteke å kontakte lokale støttespelarar i forsøk på å få økonomisk støtte til reparasjonen. Dette arbeidet vart leia av Aud Oddveig Nygård med veldig godt resultat.

Arbeidet med Saurdalselva kraftverk har ikkje vore til hinder for drifta vår på Øverberg. Dei har gitt oss ekstra arbeid med vegvedlikehald, men vi har fått dekkja alle våre utgifter- også brøyting. Dei er takksame for bruk av parkeringsplassen vår.

I tillegg har styret arbeidt med Blåfelden Rett Opp og Fjelltrimmen, parkeringsplass i Lundagjerde og bru over elva i Lisjerøfsdalen.

Idrettslaget engasjerte Kai Jonny Thue Venøy til å laga ein dronevideo frå Blåfelden Rett Opp 2016, og Røde Kors hadde ei innføring/ kurs i kameratredning og bruk av skredsøkar for interesserte medlemar.

I 2016 var det:

- 42 personar som velde Syvde Idrettslag som mottakar til sin grasrotandel.
- 22 personar som kjøpte sesongkort parkering.

- 11 privat personar som støttar løypekøyring på Øverberg.

Styret har ikkje full oversikt over kven av våre medlemmar som har representert idrettslaget på ulike idrettsarrangement i løpet av året, men vi veit at det har vore deltakelse i bl.a. Birkebeinerrittet og Hovda Rundt.

Blåfelden Rett Opp:

Blåfelden Rett Opp var i fjor eit av seks motbakkeløp i den nystarta «Sparebanken Møre Cup».

I forkant av løpet vart det gjort utbedring på starten av råsa, som p.g.a. slitasje hadde vorte moldete og sleip. Løysinga vart trappetrinn av trykkimpregnerte stolpar og singel. Drikkestasjonane vart utbedra med koppholderar og vi fekk laga nye vegviserar i sentrum. Vi laga også skilt for kvar hundrede høgdemeter.

For enklare betaling av startkontingent hadde vi gjort det muleg for deltakarane å betale via Vipps og Sping.


Vi prøvde også ut eit enkelt elektronisk tidtakersystem via nettbrett. Dette har både fordelar og ulemper, usikker på korleis det vil fungere i dårleg ver. Det vart også gjort ein ekstra innsats for å skape blest om lagkonkurransen. Dette arbeidet hausta frukter og vi fekk ni lag påmelde, derav eit damelag. Ekstra gledeleg var at damelaget representerte Syvde IL og den nystarta trimgruppa «uteTREning med puls».



Løpet vart arrangert 4. juni 2016 og dagen kom med eit fantastisk sommarver. Det vart ny deltakarrekord i konkurranseklassa med 74 deltakarar. I mosjonklassa deltok 220. 12 stk. representerte Syvde idrettslag i konkurranseklassa.

Sigve Høydahl fra Bærum, no turnuslege i Volda, vann med tida 40:39. Guri Wangensteen, med adresse Syvde vann dameklassa på tida 52:06. Tidlegare skiskyttar Ann- Kristin Flatland var invitert til å delta og å kaste glans over arrangementet. Ho deltok både i løpet og under premieutdelinga og mykje folk var samla til premieutdeling i Kosteteltet.


«Beste kost», d.v.s. beste kvinnelige og mannlige utøvar som opphavelig stammar frå Kosterikjet vart Iren Nordal og Karl Idar Vik. Dei fekk kvar si Karneshue med påskrift «Blåfeldkost 2016».



Fjelltrimmen: Styret har hatt ansvaret med å bytte bøker og registrere alle dei 3597 noteringane. 24 personar har besøkt alle postane ein eller fleire gongar.

Årets Fjellgeit vart Sølvi Midtbø (4) og Årets Fjellbukk vart Joar Takset (4). Mellom dei yngste fjellvandarane finn vi Amalie Røys (4), Linnea Eikrem (2) og Marius Wik Asklund (2) med flest poeng. John Nordal vann hotellweekend sponsa av COOP, premien vart trekt ut mellom medlemar som har besøkt alle postane i løpet av året. På ein fellestur til Tryggesteinen 6. november vart dei beste premierte. Dei tradisjonelle porselenskrusene var no bytta ut med panneband frå Bergans.

Styret vedtok å flytte posten frå Svartetua til Blåfelden då vi starta ny sesong 1.oktober.



Sykkelprosjekt Røfsdalen: vart lagt på is p.g.a. manglande tilbakemelding frå Myklebust sameige og minkande interesse frå sykkelgruppa. I det seinare har vi fått positiv respons på ideen frå Myklebust sameige. Leiar har samla inn underskrifter frå stort sett alle grunneigarane og prosjektet er kome inn i planane for innmelde anlegg.

Parkeringsplass i Lundagjerde:

Det har lenge vore eit ynskje om ein trygg parkeringsplass ved vegenden i Røfsdalen, spesielt etter fleire skader på parkerte bilar. Det vart derfor gjort avtale med grunneigar og diverse tilbod vart innhenta. Arbeidet starta med litt trefelling langs vegen fredagskvelden og i løpet av helga var det meste på plass, siste finish på gjerdet mandagskveld. God innsats frå Øyvind Eikrem, Odd Myklebust, Kenneth Eikrem, Terje Eikrem og Atle Midtbø.

uteTREning med puls 2016:

Etter ynskje frå styret i Syvde IL om å få til eit trimtilbud for damer, sende Aud Oddveig Nygård ut ein «interesse-forespørsel» til aktuelle personar. Tilbakemeldinga var positiv, og ho fekk også med seg Sara Larsson og Siv Vik, i tillegg til seg sjølv, som trimleiarar.

Desse tre hadde eit planleggingsmøte, der det bl.a. vart bestemt korleis treningstimen skulle vere, at vi ønska å trene ute, at treningstida skulle vere tirsdagane frå kl 19-20 og at treninga skulle vere gratis for medlemar i Syvde IL (treningsavgifta = medlemsskap i Syvde IL).

Tirsdag 23. februar hadde vi den første utetreninga.

Vi trenar styrke og kondisjon i dei forskjellige fjellvegane våre, og no i mørketida har vi holdt til på uteområdet ved Myklebust skule.

Kettlebells og minibands som Syvde IL har kjøpt inn, har vore mykje i bruk.

«Målet med treninga vår er at den skal vere enkel, men hard, -at alle får trene hardt utifrå sitt utgangspunkt og at vi skal «pushe» kvarandre til å yte litt meir enn når vi trenar åleine.»

På det meste har vi vore 20 positive og glade damer på trening, men på det jamne er vi 8-10 stk.

(Fråfall skyldast bla problem med kne/skuldrar og nokre synes treninga vart for hard).

Kommunikasjon om oppmøtestad ol. skjer via ei lukka facebookgruppe.

I juni deltok 4 av medlemmane våre i konkurranseklassa under «Blåfelden-rett-opp».

Det er no 48 veker sidan vi starta opp, og vi har hatt 46 uteTRENINGar. ☺

uteTRENINGsgruppa trenar sjølvsagt ute uansett ver og årstid, -det er friskt og godt!

Ref: Siv Vik

Bru over elva i Lisjerøfsdalen:

Det vart laga bru over elva i Lisjerøfsdalen, i samband med den føreståande merkinga av ei rute som går Lisjerøfsdalen rundt. Telefonstolpar vart frakt inn i Lisjerøfsdalen i tre etapper. Kurt Årseth og Frank Robert Sande tok dei fyrste etappene medan Gunnar Eikrem og Adrian Eikrem frakta stolpane med ATV inn i Lisjerøfsdalen.

Ut på seinsommaren var vi ein gjeng inn i Lisjerøfsdalen og fekk stolpane på plass. Då hadde ivrige turgåarar allereide hjelpt oss med å bere fram fjølene som skulle vere dekke på brua. Desse vart skrudde på plass slik at brua vart ferdig før vinteren kom.



Årsmelding Øverberg skisenter:

Driftsstyret har i 2016 bestått av:

-Arild Midtbø – leiar

-Kåre Lade

-Andre Sandnes

-Bjørn Skår

-Rolf Åge Sjørdal

Januar starta med skifte av tre vindauge i varmestova.

Løypekøyning kunne starte 20.januar, men vi fekk dessverre havari på maskina allereide 2.turen, 24.januar. Det viste seg ganske fort at det vart omfattande skader på trakkemaskina og at den ikkje kunne flytte seg for eiga maskin. Vi fekk hjelp av Åge med gravemaskina til å drage den heim til varmestova. Dette tok ein heil dag, i eit ufysleg ver og vi rakk akkurat å få den innom hus til stormen Tor braka laust.

Deretter vart det mange lange dagar med feilsøking, telefonering, rådsøking og fundering, og det vart endeleg beslutta å sende maskina til Ringeby for reparasjon.

I reparasjonstida vart det ein del snø, og Atle køyrde løyper med snøscooter.

18.mars fekk vi trakkemaskina igjen, ferdig reparert og vi kunne køyre første turen 20.mars. Starten på påska var knallfin og Øverberggronda vart gjennomført langfredag i litt skiftande forhold.

I sesongen vart det også havari på motoren til trekket og det viste seg at den måtte skiftast ut. Vi fekk ny motor og rigga opp igjen trekket i midten av september.

Ein såg ein at det var nødvendig med fleire stikker i traseen og i løpet av sommaren vart det gått over løypa inn til Slivatnet og over Vardegga til Vassdalsbu og komplettert med nye.

Det har elles vore standard pleie av trakkemaskina med filterskifte og diverse ettersyn. I løpet av sommaren såg ein også at batteria til trakkemaskina hadde blitt defekt. Desse var kjøpte for eit halvt år sidan og vi fekk nye på garantien.

Arild Midtbø

-leiar-

Herretrim:

På vintersesongen var trimmen prega av avlysing og lite folk. På haustsesongen har Herretrimmen hatt eit oppsving etter at vi endra treningsopplegget. Vi vart inspirerte av damene i uteTRENing og har kopiert mange av deira øvelsar. Vanylven Brann og Redning vart inviterte med på treningane. 31.august hadde vi fyrste treninga og vi har vore rundt 10 stk. på det meste. Vi ligg nok foreløpig t eit par divisjonar under damene og vi likar oss best inne i gymsalen ☺

Årsmelding Turgruppa:

Leiar Sara Larsson

Carl Even Grande

Gunnar Eikrem

Sven Tore Sjørdal

Eivind Breiteig

Knut Jørgen Oseberg

Dagrunn Øvregård

Roar Oseberg

Siv N. Vik

Vi har hatt tre møter i år. Fyrste den 9/3 der vi diskuterte kva for turer som skulle gjennomførast og kven som skulle vere turleiar.

På same møte planla vi også Øverbegrundå som gikk av stabelen 24/3. Det var flott oppmøte og alle (untatt leiar) var med i eller utanfor løypa.

Til tross for dårlig ver deltok 84 stk i skirennnet. Det vart satt opp en kortare løype for barn under 7 år. I varmestova vart det selt kaffe og vafler.

Det er rutinerne medlemar i turgruppa. Dette har dei vore med på tidigare og alle samarbeide godt.

18/4 møtest vi igjen for å få på plass årets turer. Det vart sett opp tur til bla Hornindalsrokkene, Blæja, «4 over tusen» . Men alle vart desverre avlyst pga dårlig ver.

En tur var arrangert til Ytre Fure ilag med Ytre Nordfjord Turlag. Frå Vanylven deltok 6 stk. Totalt var det 75 stk på turen.

Veret var fantastisk og deltakarane fekk omvisning og historier fortalt av en «infødd».

Det har under heile året vore diskutert kven turgruppa er til for og kva hensikten med turane er. For oss eller deltakarane? Ka for fjell skal vi gå på? Er det for krevande turer? Vil folk vere med på tur? Oppmøtet ved planlagde turer tidligare år har ikkje alltid vore så bra.

Derfor hadde vi ett møte 4/7. Vi har av og til følt att det må inn noko nytt. Men kva er det?? Sender den ballen vidare til Turgruppa 2017.

Ref Sara Larsson, leiar turgruppa 2016.

Til slutt vil eg på vegne av styret takke dei som har delteke i styret og nemder for innsatsen! Takk til alle dokke som støttar idrettslaget økonomisk, og TUSEN TAKK til alle dokke som bruker noko av fritida på å holde hjula igong.

For styret: Atle Midtbø- leiar

Dei blåmerka er på valg under årsmøtet 26.januar 2017.

STYRET			
Leiar	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
Kasserar	Kristian Bentsen	90758975	kristian.ernie@gmail.com
Sekretær	Per Magne SørDAL	95177536	pm.sordal@gmail.com
Styremedlem	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
Styremedlem	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
Vara 1	Tor Martin Hansen		SA IFRÅ SEG VERVET!
Vara 2	Terje Eikrem	99558968	terjeeikrem@outlook.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG			
Leiar	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Rolf Åge SørDAL	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Andre Sandnes	99223091	
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
TURGRUPPE			
	Carl Even Grande	90154266	
	Gunnar Eikrem	95918905	geikrem@hotmail.com
	Sven Tore SørDAL	90990298	sordall@hotmail.com
Leiar	Sara Larsson	48259605	sara.larsson906@gmail.com
	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
	Knut Jørgen Oseberg	95152585	knut.oseberg@tussa.com
	Dagrunn Øvregård	99639578	dagrunn100@gmail.com
	Roar Oseberg	47416693	osebergmek@tussa.com
	Siv N. Vik	91891815	siv.vik@comfort.as
VALNEMD			
Leiar	Kurt Jarle Torvanger	97609464	kurttorvanger@hotmail.com
	Øyvind Eikrem	91872036	oyvindeikrem@hotmail.com
	Magne Vik	97147096	magne69vik@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
Leiar?	Siv Vik		Velg ein for 1 år og ein for 2 år
Leiar?	Aud Oddveig Nygård		Velg ein for 1 år og ein for 2 år
Leiar?	Sara Larsson		Velg ein for 1 år og ein for 2 år

HERRETRIM			
	Atle Midtbø		
	Sigurd Asklund?		